

Ny bruk av verneverdige helsebygg

Workshop, onsdag-torsdag 24-25. august 2016

Stad: St. Olav Hospital, Trondheim



Saman med Sjukehusbygg HF arrangerer NTNU eit seminar / workshop om ny bruk og vern av helsebygningar. Alle statlege sektorar har ansvar for å utarbeide landsverneplanar og forvaltningsplanar for sektorens verneverdige bygningar og anlegg. Landsverneplanen for helsesektoren (LVP Helse) vart vedtatt i 2012 som ledd i prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE). Det er seinare utarbeidd mange forvaltningsplanar. Etter kvart er det blitt peika på behovet for å innhente erfaringar om bruken av forvaltningsplanane og styrke kunnskapen om korleis ny bruk påverkar verneverdiane til desse bygningane. Sidan desse problemstillingane ikkje er spesielt knytt til helsebygg, ønskjer Sjukehusbygg og NTNU å invitere også representantar for andre sektorar og rollar til å diskutere temaet.

Formålet med dette seminaret er å legge grunnlag for eit forskingsprogram om ny bruk av verneverdige bygningar. Gjennom innspel frå ulike sektorar og på grunnlag av erfaringar frå inn- og utland skal seminaret drøfte kva problemstillingar det vil vere mest aktuelt å reise i eit forskings- / ph.d.-program.

Vel møtt!

Jone Ottar Erdal
Nasjonal koordinator, LVP Helse

Dag Kittang
Professor, NTNU

Dokumentdato: 14. juli 2016 (Ver02)

Ny bruk av verneverdige helsebygg

Program for workshop 24-25. august 2016

Stad: St. Olavs Hospital, Trondheim, 1902-bygget

Dag 1: Onsdag 24.8.

Møteleiar: *Eir Grytli, NTNU*

13:00 – 13:30	Lunsj i seminarrommet (1902-bygget)
13:30 – 13:45	Velkommen og orientering om bakgrunnen for samlinga. <i>Jone O. Erdal, Sjukehusbygg</i>
13:45 - 14:15	Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE). Forventningar og erfaringar, <i>Linda Veiby, Riksantikvaren</i>
14:15 – 14:45	Kva kan vi bruke desse bygningane til ? Inntrykk frå studietur til England og Skottland. <i>Dag Kittang, NTNU</i>
14:45 – 15:15	Samspelet mellom pleie og fysiske omgivnader i eit historisk perspektiv. <i>Øyvind Thommassen, NTNU</i>
15:15 – 15:30	Pause
15:30 – 17:00	Historic hospitals towards new use. New challenges in redesigning health buildings. <i>Will Holborow, Purcell, UK</i>
17:00 – 17:30	Eit ombyggingsprosjekt – eksempelpresentasjon: 1902-bygget. <i>Siri Rørholt, Rambøll</i>
17:30 -18:30	Synfaring ved St. Olav Hospital
19:30	Middag på Kalas og Canasta, Bakklandet

Dag 2: Torsdag 25.8.

Møteleiar: *Eir Grytli, NTNU*

09:00 – 9:30	Kulturminneforvaltningas juridiske grunnlag. <i>Michael Kahn, NTNU</i>
09:30 – 10:30	Utfordringar med gjenbruk av historiske bygningar. Førebudde innlegg: <ul style="list-style-type: none">- <i>Statsbygg, Gisle Erlien</i>- <i>Forsvarsbygg, Christian Borhaven</i>- <i>Multiconsult, Svein Bjørberg</i>- <i>Nordic Office of Architecture, Johannes Eggen</i>- <i>Sjukehusbygg, Sigmund Stikbakke</i>
10:30 – 11:15	Paneldebatt med Statsbygg, Forsvarsbygg, Multiconsult, NTNU, Nordic Office of Architecture, Sjukehusbygg. Debateleiar: <i>Dag Kittang, NTNU</i>
11:15 – 11:30	Pause

11:30 -13:00	Kva utfordringar skal eit forskingsprogram ta opp? <i>Gruppearbeid med oppsummering i plenum</i>
--------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------

13:00 Avslutning og lunsj